

SIV. ING.
ODDGEIR HAVN

Foretak:
Siv. ing. Oddgeir Havn enk.
Godalsvei 9,
0871 Oslo.
Org.nr.: 925404551
Mob.tlf.: 90209393
E-post: o-havn@broadpark.no

Ope brev til kommunalminister Sigbjørn Gjelsvik

Dato: 23.02.2023

MERKNAD TIL ENDRINGSFORSLAG FOR PLAN OG BYGNINGSLOVA (PBL) OG ENERGILOVA (E) SOM LIGG UTE TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Gjeldande lover

I gjeldande PBL er arealplanlegginga delt inn i 3 plan-nivå, kommuneplan, områdereguleringsplan og detaljreguleringsplan. I førre lov (lov av 1985) var det kommuneplan, reguleringsplan og utbyggingsplan.

Meininga med dette var at arealdelen til kommuneplan skulle være den overordna planen for heile kommunen, som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk (§11-5 i PBL) og dermed fastsette kor i kommunen kommunestyret meinte ein skulle ha bustadområde, hytteområde, næringsområde (her under område til energiproduksjon), sentrumsområde, friluft- og landbruksområde etc. Deretter skulle reguleringsplan vanlegvis regulere innanfor desse områda.

Dette har fylkesmannen/statsforvaltaren stort sett handla utifrå og kome med motsegn der reguleringsplan ikkje har hatt heimel i kommuneplan. Unntaket har vore areal til produksjon av energi, her har fylkesmannen/statsforvaltaren stort sett svikta sin oppgåve ved late som dette ikkje er deira ansvar.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har også starta konsesjonshandsaming utifrå at areal til produksjon av energi ikkje treng heimel i kommuneplan i strid med § 1-3 i PBL. Rett nok har dei, i slike saker prøvd å rette på feilen ved å be kommunen om dispensasjon frå kommuneplan etter at konsesjonen var ferdighandsama.

Den store veikskapen med denne sakshandsaminga på kanten av lova, er at utlegging av areal til energiproduksjon ikkje går igjennom ein kommuneplanprosess som gjerne går over 2 år med ofte 3 høyringar og dermed innfrir lova sine krav til demokratisk påverking og kommunalt sjølvstyre.

Merknad til endringsforslaga

Dei nye lovforslaga tar sikte på å gjere ovannemnde praksis heilt lovleg ved å sei at kommuneplan ikkje skal være styringsdokument på kor i kommunen eventuelt område til energiproduksjon skal ligge eller om det ikkje skal være der i det heile. Det skal derimot ein områdereguleringsplan som kan utarbeidast av private utbyggjar og sakshandsamast av NVE gjere.

Det igjen betyr at kommunestyret får ei stateleg ferdigtygd sak til handsaming.

I sum betyr det ein vesentleg svekking av kommunalt sjølvstyre og demokratisk påverknad.

Departementets forslag til endring av energilova

§ 2-2 første ledd nytt 3. punktum:

Konsesjon til vindkraftanlegg på land etter § 3 – 1 kan ikke gis før tiltaket er planavklart etter plan- og bygningsloven.

Mitt forslag til ny lovtekst:

Konsesjon til vindkraftanlegg på land etter § 3 – 1 kan ikke gis før tiltaket er planavklart i ein kommuneplanprosess etter plan- og bygningsloven.

Forslag til endring av plan- og bygningslova

§ 3-7 nytt fjerde ledd skal lyde:

Konsesjonsmyndigheten etter energiloven § 3-1, kan etter samråd med kommunen sende på høring og legge forslag til områderegulering for vindkraftanlegg ut til offentlig ettersyn etter bestemmelsene for reguleringsplan, jf. § 12-10.

Mitt forslag til ny lovtekst:

Denne teksten skal ikke takast inn i PBL

§ 6-4 tredje ledd nytt siste punktum skal lyde:

Dette gjelder ikke for konsesjon til vindkraftanlegg på land etter energiloven § 3-1.

Mitt forslag til ny lovtekst:

Denne teksten skal takas in I PBL

§ 12-1 tredje ledd tredje punktum og nytt fjerde og femte punktum skal lyde:

Krav til reguleringsplan gjelder ikke for konsesjonspliktige anlegg for produksjon av energi etter energiloven, vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven, med unntak av konsesjonspliktige vindkraftanlegg på land etter energiloven, som må ha områderegulering. Områdereguleringen skal fastsette de overordnede arealmessige forutsetningene som er relevante for beslutningen om arealbruk for vindkraftanlegget. Departementet kan gi forskrift om samordningen mellom reguleringsplanprosessen for vindkraftanlegg og konsesjonsbehandlingen etter energiloven.

Mitt forslag ny lovtekst:

Krav til reguleringsplan gjelder ikke for konsesjonspliktige anlegg for produksjon av energi etter energiloven, vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven, med unntak av konsesjonspliktige vindkraftanlegg på land etter energiloven, som må ha områderegulering. Områdereguleringen må ha heimel i arealdelen til kommuneplanen

§ 12-2 annet ledd skal lyde:

Områderegulering utarbeides av kommunen. Kommunen kan likevel overlate til andre myndigheter og private å utarbeide forslag til områderegulering. Kommunen kan kreve at private utarbeider forslag til områderegulering for vindkraftanlegg som er konsesjonspliktige Side 65 av 65 etter energiloven. For områdereguleringer for vindkraft gjelder reglene om behandlingsmåten for private reguleringsplanforslag i §§ 12-3 annet ledd, 12-8 og 12-11.

Mitt forslag ny lovtekst:

Ingen endring i gjeldande lovtekst.

Ny § 12-18 skal lyde:

Områdereguleringer for vindkraftanlegg der det er søkt om konsesjon etter energiloven kan ikke oppheves eller endres på vesentlig måte før byggefristen som gjelder for konsesjonen er utløpt, uten etter samtykke fra departementet. Slikt samtykke kreves ikke dersom det er tiltakshaver som søker eller fremmer forslag om endring av reguleringsplanen

Mitt forslag ny lovtekst:

Denne teksten skal ikkje takast inn i PBL

§ 19-2 skal lyde:

Ingen endring

Mitt forslag til ny lovtekst i andre ledd, nytt andre punktum:

Dispensasjon fra kommuneplan kan heller ikke gis for endring av LNFR-område til næringsområde for vindkraftanlegg

Beste helsing



Oddgeir Havn